



Mandat

1. Føremål

Kommunane i Sogn regionråd gjennomfører ei felles utgreiing om kommunereforma. Utgreiinga skal gje naudsynt faktagrunnlag og peika på moglege kommunesamanslåingar i Sogn. Kommunar som vil vurdere kommunesamanslåingar som går ut over kommunane i Sogn og kommunar som vil utgreie ut verknader av ikkje å slå seg saman med andre kommunar, gjennomfører dette i eigne prosessar. Utgreiinga skal gje kommunane i Sogn eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn.

2. Kva skal utgreiast

- Lage utfordringsbilete for kommunane i Sogn og for regionen, befolkningsutvikling, behov for arbeidskraft, næringsutvikling, arealbruk og arealbehov
- Kva område framstår som felles bu- og arbeidsområde– pendling
- Kva er den økonomiske situasjonen i kommunane (inntektsnivå, gjeldsnivå, reserver m.v.)
- Kva er status for tenestetytinga i kommunane
- Oversikt over interkommunale samarbeid
- Kva vil verknadene av endring av kommunegrense vera på tenestetilbodet, ei vurdering av kva oppgåver kommunane kan og ønskjer å overta frå fylkeskommune og stat, kommunen som utviklingsaktør (sysselsetting, næringsutvikling, modernisering av offentlig sektor/lokalisering), kommuneøkonomien, lokaldemokratiet, kommunen som arbeidsplass (rekruttering, kompetanse, fagmiljø), busetnad og sysselsetting
- Ulike modellar for politisk organisering.

3. Korleis

Styringsgruppa koordinerer og tek ansvar for felles utgreiing og samansying. Det vert innhenta kompetanse (tenestekjøp ev engasjement) som kan gjennomføre utgreiinga. Styringsgruppa avgjer kven som skal gjennomføre utgreiinga.

Kommunane har ansvar for å levere underlag til felles utgreiing og handsame rapporten frå utgreiinga i eigen kommune.

Felles utgreiing vil vera eit supplement til kommunane sine prosessar. Kommunane må leggja til rette for å skapa lokalt eigarskap. Kvar kommune må ta eit aktivt eigarskap og etablere ein hensiktsmessig organisering. Kvar kommune har ansvar for drøfting blant folkevalde og god dialog med innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv, medarbeidarar og tillitsvalde.

4. Styring

Kommunestyra i kvar kommune eig prosessen.

Sogn regionråd er styringsgruppa og leiar prosessen.

Rådmannsgruppa i Sogn er prosjektgruppe og står for gjennomføringa.


Formannskapa i kommunane og tillitsvalde er referansegruppe.

5. Økonomi

Proessen skal ha eige budsjett. Kommunane søker fylkesmannen om støtte til utgreiing og prosessgjennomføring.

Kvar kommune dekker arbeid og kostnader i eigen kommune eventuelt også reise og opphald. Dette gjeld også tilskot og kostnader til å høyre innbyggjarane.

6. Framdrift



Innan 15. nov 2014:

Kommunestyra som ikkje allereie har gjort vedtak i saka tek stilling til om dei ønskjer å gå med i ein utgreiingsprosess i samsvar med dette notatet.

Innan 1. mars 2015:

Administrasjonen i Sogn regionråd i samråd med rådmannsgruppa utarbeider søknad om fornyingsmidlar til fylkesmannen.

Innan 1. april:

Inngår kontrakt med konsulentfirma eller avtale om engasjement om felles utgreiing.

Innan 1. november 2015:

Felles formannsskapsmøte som del av utgreiingsarbeidet.

Innan 1. januar 2016:

Utgreiinga er ferdig. Kommunane tek på dette grunnlaget stilling til trong for innbyggjarmedverknad (høyringar, spørjeundersøkingar, folkeavrøystingar m.v.)

Innan 1. juli 2016:


Kommunestyra vedtek kven dei ev. ønskjer å slå seg saman med. Dette er det endelege vedtaket om samanslåing før det blir sendt vidare til departementet.

7. Vedlegg

Roller og ansvar

Rolle	Organisasjon/Person	Hovudansvarsområde
Oppdragsgjevar	KMD	Premissar
Eigar	Kommunestyra i Sogn	
Deltakarar	Kommunane i Sogn regionråd	Vedtek
Styringsgruppe	Ordførarane i kommunane	Styrer
Prosjektgruppe	Rådmennene i kommunane	Gjennomfører
Prosjektleiar	Innleidd konsulentfirma ev. som engasjement	Greier ut
Referansegruppe	Formannskapa i kommunane, tillitsvalde	Blir høyr

8. Nasjonal prosess



Vedteke i Sogn regionråd 5.12.2014